


Protokollar

1994

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK, REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 11/10-94 kl 17 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Inger Valseth
Marit Tranvåg
Magnar Bergheim
Einar Flø
Martin Brune (for Ingrunn Humberset)
Ingrid Opedal
Lars Tunheim

Ove Lid
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og møtebok.

R-sak nr 05/94: føring og underskriving av møtebok.

Det vart gjort fylgjande samrøystes vedtak:

Det skal veljast to representantar til å skrive under møteboka for kvart møte. Møteboka skal gjerast ferdig og underskrivast same dag som møtet vert halde. Kopi av møteboka vert ettersendt til representantane så snart det høver.

Magnar Bergheim og Ingrid Opedal vart valde til å skrive under møteboka for møte 11/10.

R-sak nr. 06/94: Korrigering av 94 budsjettet

Det vart gjort fylgjande samrøystes vedtak:

Representantskapet tek orienteringa til vitande, og har ikkje merknader til det korrigerde budsjettet.

R-sak nr. 07/94: Budsjett og gebyr for 1995.

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet føreset at arbeidet med sortering og gjenbruk av grovavfall vert prioritert. Og at det i 1995 vert laga ordningar for næringsverksemdar som medfører at desse kan gjennomføre kjeldesortering og få reduserte gebyr. Vidare skal det før det vert teke endeleg stilling til bygging av sorteringsanlegg, ligge føre konkrete planar og avtalar om korleis dei sorterte avfallsfraksjonane skal nyttast.

R-sak nr. 08/94: Ymse orienteringssaker.

1. Retningslinjer for fjernmøter
2. Skiping av avfallselskap
3. Kjøp av tilleggsareal

Styreleiar og driftsleiar orienterte, og representantskapet tok orienteringa til vitande.

Møtet slutt kl. 1940.

*Magnar Bergheim
Ingrid J. Opedal*

MØTEBOK VØR

Det var halde styremøte i VØR tysdag 2. mai kl. 1600 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Ove Lid
Jens Monsholm (for Kai Raaberg)
Hans Ryste

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var gjort merknader til feil i utsendte møtebok i sak nr. 28/95, ellers var det ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak nr. 30/95: Årsmelding og rekneskap for 1994

Styret gjekk igjennom detaljrekneskapen, og fekk forklart ein del avvik mellom rekneskap og budsjett. Ein gjekk vidare igjennom merknadane frå revisor til rekneskapen.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner framlegget til årsmelding og rekneskap for 1994. Styret rår representantskapet til å gjere likelydande vedtak.

Sak nr. 31/95: Tilbygg kontor

Det vart presentert tal frå anbudsopninga, og desse syner at bygget vert omlag 200.000,- kroner dyrare enn summen det er søkt om i lån. Det kom framlegg om å utsette byggeplanane til ein har klare vidare planar for utbygging. Det vart argumentert i mot dette med at ein ser ingen grunn til at ein skal flytte på administrasjonen / personalrom sjølv om det t.d. vert bygd sorteringsanlegg og/eller anaerobt anlegg, og at ein i dag har *stort* behov for meir plass.

Vedtaket lyder (mot ei røyst, Hans Ryste)

Styret vedtek å starte bygging av tilbygg kontor. Prosjektet skal finansierast med lån stort kr. 500.000,- (jmf. låneramme i sak 07/95), og resten med eigne midlar. Styret godkjenner at firma Ivar Aambakk as får oppdraget med oppføring for kr. 869.659,- inkl mva. Byggeleiing vert utført av firma Anders Digernes as.

Styret rår representantskapet til å gjere likelydande vedtak.

Sak nr. 32/95: Ymse

Driftsleiar orienterte styret om stoda i saka som gjeld tomtekjøp og framdrifta i anaerobprosjektet. Vidare om planar om konteinarkjøp for å betre tilhøva på campingplassar og hotel i sesongen. Styret tok orienteringa til vitande.

Driftsleiar ynskte eit råd i frå styret når det gjaldt kjøp av ny tenestebil. Følgjande samrøystes vedtak vart gjort etter framlegg frå Per R. Mork (Svanhild Myklebust var reist frå møtet) :

Driftsleiar disponerer inntil 175.000,- kroner til kjøp av tenestebil.

Møtet heva 18.15.

Kjetil Årøen
ref.

MØTEBOK VØR

Det vart halde styremøte i VØR tysdag 6/12-94 k. 1700 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Bjørn Øren
Svanhild Myklebust
Ove Lid
Kai Raaberg

Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Styreleiar bad om å få handsame ei sak ekstra: Godkjenning av protokoll frå lønsforhandlingar.

Sak nr. 43/94: Prosjekteringsmidlar anaerob

Styret drøfta kva som er fornuftig "angrepsvinkel" overfor kommunene. Konklusjonen vart at det er ynskjeleg å få med kommunen før ein startar opp sjølve prosjekteringa.

Samrøystes vedtak lyder:

VØR søker Volda og Ørsta kommunar om å få ta opp eit prosjekteringslån stort inntil 280.000.- kroner, til oppstart av prosjekteringa av det anaerobe anlegget VØR planlegg å bygge.
Styret vedtek også å lyse oppdraget ut på formelt grunnlag i Sunnmørsposten.

Sak nr. 44/94: Åpningstider i Alida.

Samrøystes vedtak lyder:

Det vert ope i Alida for levering for leverandørar med avtale mellom kl. 0800 og 1500 mandag til torsdag. Fredagar vert hola stengd kl. 1400.
Private abonnentar som levere sjølve skal levere avfallet på Miljøstasjonen.

Sak nr. 45/94: Renovering av fritidshus/hytter

Samrøystes vedtak lyder:

Hytte og fritidshus som kjem innanfor renovasjonsområdet, og som har tilfredstillande tilkomst utfrå Reinhaldsverket sine forskrifter, betalar 1/2 avgift ved inntil 1/2 år bruk i året.

Sak nr. 46/94: Godkjenning av protokoll frå lønsforhandlingane.

Bjørn Øren sa seg ugild i saka.

Styret vedtok samrøystes å godkjenne dei punkta forhandlingsutvalet var samde med forhandlingspartnaren.

MØTEBOK VØR

Det vart halde styremøte i VØR torsdag 101194 kl. 1700 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Hans Ryste
Kai Raaberg
Ove Lid

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merkander til innkalling. Det var ikkje sendt ut sakliste då det var lagt opp til eit generelt diskusjonsmøte.

Styret ville ikkje ta stilling til å "køyre" prosjekt vidare før ein skriftleg får dokumentert :

- mogleg pris på kjøp av energi frå Tussa
- mogleg pris på kjøp av energi frå Sunnmøre Meieri
- søke SFT om bruk av støttemidlar i forkant oppstart

Kontakte Enøk og Miljø om å få fram tal på kostnadane ved eventuell varmeoverføring til meieriet.

MØTEBOK VØR

Det vart halde styremøte i VØR tysdag 20/9-94 kl. 1500 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Bjørn Øren (vara for Per Mørk)
Svanhild Myklebust
Ove Lid
Kai Raaberg
Hans Ryste

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste.

Styreleiar bad om i tillegg til å få handsama revidert budsjett 94 før dei andre sakene.

Sak nr. 35/94: Budsjett 1995

Styret i VØR gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR rår representantskapet til å godkjenne det framlagte framlegget til budsjett for 1995.

Sak nr 36/94: Stifting av "matavfallsfirma"

Styret i VØR gjorde ikkje vedtak i denne saka. Ein syner til tidlegare vedtak i saka og ser ikkje det naudsynt å gjere nye vedtak før ein går inn i drøftingar med SFT. Ein vil seinare gå inn med politisk handsaming om selskapsform og eigarstruktur.

Sak nr. 37/94: Kjøp av tilleggsareal

Styret i VØR vedtok samrøystes framlegget til vedtak med tillegg av gards og bruksnr:

Styret i VØR går inn for å betale kr. 2.400.000,- kroner til kjøp og opparbeiding av g.nr. br. nr. Heile summen kan gå til noverande tomteeigar under føresetnad av at han murar ferdig muren mot tilkomstveg, fjernar massen mellom tomtene og grev ut (eventuelt murar opp) tomta til VØR (mot skogvegen). Entreprenøren nyttar det han kan av masse på tomtene, men overskytande må han disponere på godkjendt måte og stad. Opparbeidinga skal skje i tørt vær, og vere avslutta seinast innan april 95.

Vedtaket gjeld som fullmakt til den oppnemnde forhandlingsgruppa, og føreset at summen vert fullfinansiert med lån i NKB over 40 år med kommunale garantiar.

Sak nr. 38/94: Innkjøp av konteinarheis

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek å kjøpe inn dunkheiser til to av renovasjonsbilane. Innkjøpet er kostnadsrekna til 250.000,- kroner. Innkjøpet skal lånefinansierast.

Sak nr. 39/94: Konsulentprosjekt, kjeldesortering

Styret meinte at dersom ein skal ha utført ei teneste, skal ein ha inn fleire tilbod. Det vart på dette grunnlaget gjordt fylgjande vedtak:

Styret i VØR vedtek å ikkje sette i gang nye prosjekt på noverande tidspunkt, og ikkje før resultata av forhandlingane med SFT om matavfallsprosjektet ligg føre. Dersom ein finn det naudsynt å gjennomføre liknande prosjekt skal dette beskrivast og ut på anbod til fleire konsulentar.

Sak nr. 40/94: Revidert 1994 budsjettet.

Det vart presentert eit framlegg til revidert 1994 budsjett.

Fylgjande vedtak vart gjordt:

Styret i VØR vedtek samrøystes å godkjenne det framlagte skissa til revidert budsjett 1994.

Sak 41/94: Forhandlingsnemnd for lokale lønsforhandlingar.

Forhandlingsnemnd:	Hans Ryste
	Ove Lid
	Kai Raaberg (vara)
	Kjetil Årøen (sekretær)

Sak nr. 42/93: Ymse

Det vart under denne saka vedteke å stå fast på tidlegare vedtak om ikkje å yte støttemidler til ideelle føremål.

VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i Volda Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen tysdag 230894.

Desse møtte:

Bente Vatne (vara for Hans Ryste)
Svanhild Myklebust
Kai Raaberg
Ove Lid

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje utsendt møtebok frå forrige møte.

Sak nr. 29/94: Kjøp av tilleggsarel.

Styret tok ei synfaring på det aktuelle området til Aurstad. Ein såg på graden av opparbeidinga og standaren på tomta.

Det vart gjort fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR vedtek å oppnemne eit forhandlingsutval som får mynde til å forhandle med Aurstad. Ein skal i tillegg utgreie alternative prisar på tomta nord-vest for VØR sitt anlegg, og korleis best utnytte eksisterande tomt.

Forhandlingsutvalet vert: Einar Flø
Ove Lid
Kjetil Årøen

Sak nr. 30/94: Kjøp av konteinarar

Styret aksepterte dei skisserte løysingane, og vil kome attende til endeleg vedtak når halvårsrekneskapen er lagd fram.

Sak nr. 31/94: Innmelding i NRF

Fylgjande vedtak vart gjort:

Styret i VØR gir driftsleiar fullmakt til å melde VØR inn i NRF dersom han finn det tenleg for VØR.

Sak nr. 32/94: Ymse

Styreleiar orienterte utførleg om møte styreleiar og driftsleiar hadde med dei to eigarkommunene tysdag 230894.

MØTEBOK:

Sak nr. 33/94: Registreringsrunde

Driftsleiar orienterte om tilskot frå fylkesmannen til utarbeiding av avfallsregister.

Fylgjande vedtak vart gjort:

Driftsleiar får høve til å tilsette på kontrakt ein person til å gjennomføre ei registrering. Løn skal dekkast gjennom tilskot stort 20.000,- kroner og post 5020 ekstrahjelp.

Sak. nr. 34/94: Maskinførartillegg

Det vart gjort krav frå dei tilsette om tillegg på 4,- kroner for føring av maskin.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka i påvente av svar frp KS.


Svanhild Myklebust
Bente Vadne

VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde styremøte i VØR tysdag 31/5-94 kl. 1700 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Ove Lid
Jens Monsholm (for Kai Raaberg)
Hans Ryste

Einar Flø
Kjetil Årøen

Styreleiar ynskte velkomen, og det var ikkje merknader til sakliste og vedlagte møtebok.

Sak nr. 21/94: Låneopptak, todelt komprimatorbil.

Det var lagt fram fire tilbod på lån. Desse tilboda var frå Kreditkassen, Volda branntrygdslag, KLP og Kommunalbanken.

Følgjande samrøystes vedtak vart gjort:

Styret i VØR rår representantskapet til å ta opp lån stort 1.160.000 til ny komprimatorbil. Styret rår vidare til at ein nyttar Kommunalbanken som låneinstitusjon til dei vilkår som er tilbode i brev av 28/4-94. (Nominell rente 5,5%, effektiv rente 5,58% ,flytande). Lånet skal nedbetalast over ti år.

Sak nr. 22/94: Drøfting av langtidsbudsjett.

Driftsleiar la fram ei skisse over investeringar som han meinte vert aktuelle framover for å få ei tilfredstillande avfallshandtering i åra som kjem. Styret tok orienteringa til vitande, og gav driftsleiar høve til å presentere skissa for formannskapet til orientering. Dette under føresetnad at det ikkje vert presentert som styret sitt framlegg til endeleg investeringsplan.

Sak nr. 23/94: Instruks for oppsynsmann/driftsoperatør.

Det vart lagt fram to alternative instruksar for denne stillinga. Det vart ikkje teke endeleg avgjer i saka i og med at ein ser det som naudsynt å ha ein oppklaringsrunde med kommunene om kva VØR skal stå føre og kva ein finn fornuftig at kommunene gjer sjølve mot betlaing. Før dette er avklara finn ein det vanskleg å ta stilling til endeleg organisasjonsform, og styre syner til vedtak i sak 13/94 der Mork er tilsett som oppsynsmann i lønstrinn 14 med tillegg av oppsynsmannstillegg. Ein syner og til atterhaldet i dette vedtaket.

Sak nr. 24/94: Status registreringsrunde.

Driftsleiar orienterte kort om kva som er gjort i dette arbeidet, og stipulerte talet på "nye" abonnentar til omlag 1000 stk. Dette er bueningar som ikkje er med når ein reknar etter allereie vedtekne forskrifter. Styret meinte at det ikkje er naudsynt med meir godkjenning av arbeidet, og gjorde

fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR vedtek å sende listene over nye registreringar over til kommunen for vidare handsaming. Ein syner her til vedtektene for VØR der det under punkt § 11 står at: "teknisk etat i dei samarbeidande kommunane vert tillagt ansvar for at registra over abonnentar til ei kvar tid er fullstendig".

Sak nr. 25/94: Eventuell aksjekapital til matavfallsfirma.

Ein syner her til det arbeidet som er gjort i forprosjektet for å sjå på moglege løysingar på handsaminga av våtorganisk avfall.

Fylgjande samrøystes vedtak vart gjort:

Under føresetnad av at ein får med andre interessentar i eit "handsamingsfirma" går styret i VØR inn for å bli med som aksjonær med minimum 51% av aksjane.

Styret ventar vidare at arbeidsgruppa snarast sender over gruppa sin konklusjon på arbeidet som er gjort.

Sak nr.26/94: Utviding av anaerobprosjekt

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke og lyder:

Styret i VØR vedtek å auke post 7610 med 25.000 kroner. Midlane vert tekne frå post 6510 då delar av vedlikehaldet i 94 er dekt av forsikringsmidlar. Post 6510 vert endra frå 250.000,- kroner til 225.000,- kroner.

Sak nr. 27/94:Kjøp av ny datamaskin

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke og lyder:

Styret i VØR går inn for å kjøpe ein ny bærbar datamaskin. Det vert sett av kr. 45.000,- til innkjøpet. Midlane vert tekne frå post 6440 Kostnad EDB.

Sak nr. 28/94: Ymse

Det vart lagt fram til røysting framlegget frå sentralt hald til lønsoppgjær for 1994. Styret vedtok samrøystes og slutte seg til det framlagte forslaget.

Kjetil Årøen

VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde styremøte i Volda Ørsta Reinhaldsverk tysdag 22/3-94 kl. 1700 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Ove Lid
Kai Raaberg

Einar Flø
Kjetil Årøen

Jo Prestegarden var på delar av møtet.

Styreleiar ynskte velkomen, og forklarte årsaka til den korte innkallingsfristen.

Sak nr. 10/94: Transportoppdrag til Grautneset.

Styreleiar ba Jo Presetgarden orientere om kva som var gjort i denne saka sidan sist styremøte.

Det vart lese opp telefaksbrev frå advokat Hove datert 22/3-94.

Styret gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR syner til protokoll frå forhandlingsmøte mellom VØR og Bøstrand Transport og konstanterer at forhandlingane ikkje førte fram.

Styret syner vidare til at Vartdal Transport AS deretter er varsla om at selskapet får transportoppdraget under føresetnad av endeleg kontrakt.

Styret i VØR finn ikkje at det er høve til å gå tilbake på dette.

Sak nr. 11/94: Midlar til vidare drift av anaerobprosjektet.

Både styret og representantskapet i VØR var samde om at ein må arbeide vidare med dei ideane ein har for å handsame det våtorganiske avfallet i regionen. Forprosjektet det vart sett av midlar til er avslutta, og ein treng nye løyvingar på budsjettet.

Det vart vedteke fylgjande budsjettendring:

Styret i VØR vedtek fylgjande budsjettendring:

Post 4010- kjøp av sekkar, vert endra frå 270.000,- til 210.000,- kroner.

Post 7610- prosjektmidlar, anaerob, vert endra frå 0 (hushaldning) til 60.000,- kroner.

Det vart ikkje drøfta fleire saker på dette møtet.

Kjetil Årøen

VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde styremøte i Reinhaldsverket mandag 28/2 kl 18.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Jens Monsholm (vara for Kai Raaberg)
Hans Ryste
Per R Mork

Einar Flø
Kjetil Årøen

Styreleiar ynskte velkomen, og forklarte den korte freisten på innkallinga med at ei av sakene måtte handsamast innan 1/3-94.

Sak nr. 05/94: Søknad om tilskot til "anaerob" prosjekt.

Det vart ein ganske kraftig debatt om saksgangen i denne saka. Styreleiar og driftsleiar vart kritisert for å legge fram eit for tynt grunnlag for å sende ein søknad om tilskot. Styreleiar og driftsleiar synte til at ein må bruke tida fram til eit eventuelt tilsagn til å klarlegge dei punkta ein meiner ikkje er nok utgreidd. Ein har då høve til å nytte seg av eit mogleg tilskot om vidare arbeid syner like positive tal som forprosjektet konkluderer med. Det vart og synt til at VØR var oppmoda av miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen til å sende søknaden.

Det kom fram to framlegg til vedtak:

Framlegg 1:

Styret i VØR rår til at det framlagte forslaget til søknad vert godkjend og sendt til SFT. Dette forutset ei endring i teksten: Firmanamnet Lars M. Fugledal AS skal strykast som vidare deltakar i prosjektet. Styret grunnjev dette med at ein ikkje vil binde seg opp til eit bestemt firma i denne fasen av prosjektet.

Framlegg 2:

Styret i VØR rår til at søknaden ikkje vert sendt til SFT. Bakgrunnen for dette er at bakgrunns materialet er for dårleg utgreidd og er ikkje grunnlag godt nok for ein søknad.

Det vart røysta over framlegga og det vart to røyster for framlegg 1 (Ove Lid og Jens Monsholm) og to røyster for framlegg 2 (Hans Ryste og Per Mork). Styreleiar nytta dermed si dobbeltstemme og framlegg 1 vart vedteke.

VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK**Sak nr. 06/94: Transportoppdrag til Grautneset.**

Styret drøfta på nytt kva firma ein skulle gå til for å få utført denne jobben. Advokat Prestegarden seier i ein kommentar til saka at han ikkje finn det tilrådleg av VØR å kutte Bøstrand transport på den bakgrunnen dette vedtaket vart gjort (Sak 01/94). Prestegarden finn det derimot rimleg at ein no går attende til tidlegare vedtak om å tilby eitt års avtale med BT.

Følgjande vedtak vart gjort:

Styret i VØR går inn for å tilby Bøstrand Transport oppdraget med transporten av komprimert avfall til Grautneset. Ein set avtaletida til eitt år, og er å forstå som ein prøveperiode.

Det er ein føresetnad for vedtaket at det vert ført reell kontraktsforhandling, og at denne fører fram til semje mellom partane.

Framlegget vart vedteke mot ei røyst (Per R. Mork).

Sak nr. 07/94: Gåve til Knut Brune.

I og med at Knut Brune på grunn av helsesituasjonen har sakt opp stillinga si i VØR gjorde styret følgjande vedtak:

Styret i VØR går inn for at det vert kjøpt ein avskjedspresang til Knut Brune som takk for den tida han var driftsleiar i VØR. Styreleiar og driftsleiar fekk i oppdrag å kjøpe inn høvande presang.

Sak nr. 08/94: Diverse personalsaker.

Styret vart orientert om at ein av dei tilsette ikkje retta seg etter pålegg gitt av driftsleiar. Dette er pålegg som skal ta vare på tryggleiken på anlegget.

Styret rådde driftsleiar til å gi ein siste muntleg åtvaring. Dersom denne ikkje fører fram skal driftsleiar sende ein skriftleg åtvaring om tilhøvet.

Sak nr. 09/94: Avfallskonferansen 94.

Det vart gjort følgjande vedtak:

Styret i VØR vedtek å sende to representantar til avfallskonferansen Bergen.

Møte avslutta.

Kjetil Årøen

BUDSJETT 1995

02.02.95

KONTO	VOLDA ØRSTA REINHÅLDSVERK KONTONAMN	AVDELING 1 HUSHALDNING	AVDELING 2 FORRETNING	AVDELING 3 GROVAVFALL	AVDELING 4 SPECIALAVF.	AVDELING 5 SLAM	AVDELING 0 SUM
3010	Sal av sekkar, Volda	-10.400	-245.000				-255.400
3011	Sal av sekkar, Ørsta	-13.000	-385.000				-398.000
3020	Hushaldningsgebyr, Volda	-3.473.520					-3.473.520
3021	Hushaldningsgebyr, Ørsta	-3.981.510					-3.981.510
3022	Forretningsgebyr, Volda		-168.300				-168.300
3023	Forretningsgebyr, Ørsta		-392.700				-392.700
3030	Avgift, kulli - Volda		-105.000				-105.000
3031	Avgift, kulli - Ørsta		-140.000				-140.000
3032	Avgift levert avfall på vekt, Volda		-325.000				-325.000
3033	Avgift levert avfall på vekt, Ørsta		-520.000				-520.000
3040	Avgift grovavfall, Volda			-314.404			-314.404
3041	Avgift grovavfall, Ørsta			-314.404			-314.404
3042	Gebyr grovavfall, husstandar Volda			-157.202			-157.202
3043	Gebyr grovavfall, husstandar Ørsta			-157.202			-157.202
3044	Gebyr, spesialavfall Volda				-112.960		-112.960
3045	Gebyr, spesialavfall Ørsta				-129.480		-129.480
3050	Gebyr, slam Volda					-	-
3051	Gebyr, slam Ørsta					-	-
3060	Sal av stativ	-117.000	-13.000				-130.000
3070	Sal av kompostbingar	-67.600					-67.600
3071	Utleigeinntekter , maskin			-4.000			-4.000
3090	Andre inntekter	-	-	-	-	-	-
**							
4010	Kjøp av sekkar	137.500	41.250				178.750
4020	Kjøp av stativ	104.400	11.600				116.000
4030	Kjøp av kompostbingar	67.600					67.600
**							
5010	Faste løner	1.386.028	297.006	99.002	59.401	138.603	1.980.040
5020	Ekstrahjelp	246.720	61.680				308.400
5030	Overtid	70.295	10.042	20.084			100.421
**							
5290	Påløpte feriepengar	164.077	35.159	11.720	7.032	16.408	234.396

BUDSJETT 1995

02.02.95

KONTO	KONTONAMN	HUSHALDNING	FORRETNING	GROVAVFALL	SPECIALAVF.	SLAM	SUM
**							
5310	Møtehonorar	14.840	2.120	2.120	1.060	1.060	21.200
5311	Møtekostnader	10.640	1.520	1.520	760	760	15.200
**							
5410	Arbeidsgjevaravgift	182.201	39.043	13.014	7.809	18.220	260.287
5411	Arb.gj.avg. av påløpte feriepenger	17.720	3.797	1.266	759	1.772	25.315
5420	Pensjonspremie	63.352	13.575	4.525	2.715	6.335	90.503
5421	Pensjonspremie, egenkapital	21.000	3.000	3.000	1.500	1.500	30.000
**							
5610	Sjukepenger, refusjon	-35.000	-5.000	-5.000	-2.500	-2.500	-50.000
5620	Feriepenger, refusjon	-3.500	-500	-500	-250	-250	-5.000
**							
5710	Kursutgifter	5.600	800	800	400	400	8.000
**							
5910	Sosiale kostnader	3.500	500	500	250	250	5.000
5911	Bedriftshelsetenesta	10.010	1.430	1.430	715	715	14.300
5913	Kommunal opplæring	1.260	180	180	90	90	1.800
5920	Garanti/ulukkestygdning personar	12.460	1.780	1.780	890	890	17.800
**							
6010	Transport Grautneset	280.000	120.000				400.000
6020	Transport glas	35.100	3.900				39.000
6030	Transport spesialavfall				52.870		52.870
6031	Transport grovavfall			37.500			37.500
6040	Transport slam					-	-
6060	Transport papir	75.600	8.400				84.000
**							
6110	Straumutgifter	18.760	23.450	4.690			46.900
6150	Forbrenning, Grautneset	2.072.000	888.000				2.960.000
6151	Levering av papir/papp	94.500	10.500				105.000
6180	Kommunal avgifter	14.000	2.000	2.000	1.000	1.000	20.000
**							
6220	Grunnleige, Alida			1.250	1.250		2.500
6230	Lagerleige	11.830	3.380	845	845		16.900
6270	Reinhold	28.560	4.080	4.080	2.040	2.040	40.800

BUDSJETT 1995

02.02.95

KONTO	KONTONAMN	HUSHALDNING	FORRETNING	GROVAVFALL	SPECIALAVF.	SLAM	SUM
6310	Innleige maskin/arbeidshjelp	6.000	3.000	15.000		6.000	30.000
6311	Innleige konteinarar	3.900		35.100			39.000
6430	Innbu og utstyr	7.500	7.500	7.500	2.500		25.000
6431	Maskiner/teknisk utstyr	9.000	9.000	9.000	1.500	1.500	30.000
6432	Kjeldesorteringsutstyr	75.000	25.000	12.500	12.500		125.000
6433	Kostnad papirinnsamling	17.500	7.500				25.000
6440	Kostnad EDB	8.000	8.000	4.000	4.000	16.000	40.000
6460	Diverse materiell	6.000	4.000	4.000	3.000	3.000	20.000
6480	Verne og arbeidskle	19.250	2.750	2.750	1.375	1.375	27.500
**							
6510	Vedlikehald, Miljøstasjon	93.500	16.500				110.000
6520	Vedlikehald, maskiner/utstyr	8.000	2.400	2.400	1.600	1.600	16.000
6530	Vedlikehald, slamdeponi		200			1.800	2.000
6540	Vedlikehald, grovavfallsdeponi	1.600		6.400			8.000
**							
6610	Revisjon	7.000	3.500	3.500	1.750	1.750	17.500
6620	Rekneskap	14.000	7.000	7.000	3.500	3.500	35.000
6630	Administrasjonsskostnader	3.500	1.750	1.750	875	875	8.750
6640	Konsulentonorar	4.950	4.950	39.600			49.500
**							
6710	Kontorutgifter	14.000	7.000	7.000	3.500	3.500	35.000
6720	Gebyr, betalingsformidling	2.000	1.000	1.000	500	500	5.000
6760	Aviser/tidsskrift	580	580	580	580	580	2.900
**							
6810	Telefon	18.000	9.000	9.000	4.500	4.500	45.000
6850	Porto	10.200	10.200	6.800	3.400	3.400	34.000
6890	Andre driftsutgifter	-	-	-	-	-	-
**							
6910	Vedlikehald R2, UE	11.518	2.033				13.550
6911	Vedlikehald R4, UE	-	-				-
6912	Vedlikehald R5, UN	11.130	1.855	3.710	1.855		18.550
6913	Vedlikehald R3, UE	33.924	5.987				39.910
6914	Vedlikehald R6	57.426	10.134				67.560
6915	Vedlikehald R1,	55.726	9.834				65.560
6916	Vedlikehald R7 (Toyota)	5.080	2.540	2.540	1.270	1.270	12.700

BUDSJETT 1995

02.02.95

KONTO	KONTONAMN	HUSHALDNING	FORRETNING	GROVAVFALL	SPEŠIALAVF.	SLAM	SUM
6917	Vedlikehald R10	55.726	9.834				65.560
6918	Vedlikehald R8 (traktor)	5.625	3.750	5.625		3.750	18.750
6919	Vedlikehald R9 (Åkermann)	10.200	2.550	35.700		2.550	51.000
6920	Vedlikehald R11	21.300	7.100	3.550	1.775	1.775	35.500
6940	Avgifter/trygder, bilar	63.295	21.098	10.549	5.275	5.275	105.492
**							
7010	Reise, kost, representasjon	2.100	6.300	2.100	1.050	9.450	21.000
7020	Diettgodtgjerdse	300	900	300	150	1.350	3.000
7030	Kilometergodtgjerdse	305		4.270	610	915	6.100
7060	Fergeutgifter	45.500	13.000		6.500		65.000
**							
7100	Øreavrunding MVA						
**							
7310	Informasjon	34.500	34.500	28.750	11.500	5.750	115.000
7320	Prosjekt tøybleier	40.000					40.000
**							
7410	Kontigent, KS	3.900	3.900	2.600	1.300	1.300	13.000
7420	Kontigent NRF	1.680	1.680	1.120	560	560	5.600
7430	Gåver	600	600	400	200	200	2.000
**							
7510	Forsikringar, bygg	10.294	1.930		643		12.868
7570	Skadeerstatning	6.000	6.000	6.000	1.000	1.000	20.000
**							
7610	Prosjektmidlar	2.500	2.500	15.000	2.500	27.500	50.000
**							
7810	Avskrivning anlegg	237.500	142.500	95.000			475.000
7811	Avskrivning bilar	296.141	84.612	21.153	21.153		423.058
7812	Avskrivning grovavfall			175.000			175.000
7813	Avskrivning slam					20.000	20.000
7814	Avskrivning, spesialavfall				84.000		84.000
7815	Avskrivning, kjeldesorteringsutstyr	49.950	5.550				55.500
7816	Avskrivning Åkermann	3.560		14.240			17.800
7817	Avskrivning, papirkonteinar	12.000	3.000				15.000
**							
8080	Renteinntekter bank	-3.000	-3.000	-3.000	-3.000	-3.000	-15.000

BUDSJETT 1995

02.02.95

KONTO	KONTONAMN	HUSHALDNING	FORRETNING	GROVAVFALL	SPECIALAVF.	SLAM	SUM
8110	Ymse renter / morarenter	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	5.000
8120	Renter / provisjon kassakredit	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	5.000
8121	Renter på lån, anlegg		162.550	108.367			541.834
8122	Renter på lån, bilar	270.917	61.429	10.238	10.238		204.762
8123	Renter på lån, grovavfall slam	122.857		16.294		3.259	32.587
8124	Renter på lån, gravemaskin	13.035		5.021			6.276
8125	Renter på lån, spesialavfall	1.255					
8126	Renter på lån, papirkonteinar	7.905	1.976				9.881
8127	Renter på lån, kjeldesorteringsuts.	34.445	3.827				38.273
**							
8312	Stattilskot, papir	-	-				-
8320	Tilskot nyanlegg	-8.000	-4.000			-8.000	-20.000
**							
8880	Årsresultat	-703.303	27.992	-0	91.855	314.076	-269.380
8881	Avsetning til fond, hushaldning	703.303					
8882	Avsetning til fond, forretning						
8883	Avsetning til fond, grovavfall						
8884	Avsetning til fond, spesialavfall						
8885	Avsetning til fond, slam						
**							
8891	Inntekt frå fond, hushaldning						
	Inntekt frå fond, forretning		-27.992				
	Inntekt frå fond, grovavfall						
	Inntekt frå fond, spesialavfall				-20.780		
	Inntekt frå fond, slam					-259.005	
8899	SUM BUDSJETT (avdelingsvis)	-	-0	-0	71.075	55.071	

BUDSJETT 1995

02.02.95

DEI SPESIFISERTE KOSTNADANE GIR FYLGJANDE GEBYR:											
1	HUSHALDNINGSGEBYR										
	SKVETT	1230									
	GROVAVFALL	40									
		80									
	SUM HUSHALDNINGAR	1350									
2	PRIS PR KOLLI/SEKK, HUSST.	-26									
3	GROVAVFALL (PR. M3)	157									
4	GEBYR FOR NÆRINGAR	1700									
5	PRIS PR. TONN LEVERT VØR	1300									
6	PRIS PR KOLLI, NÆRING	-35									
7	SLAM:										
	GEBYR FOR EIN HUSTAND	1200									
